



--

Arkiv saknr:	2019/51
Løpenr.:	13178/2019
Arkivkode:	L13

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Plan- og miljøutvalet		

Sakshandsamar: Jan Myrekrok

PlanID 20010009 Vinje Kraftverk / Sandnes - mindre endring

Vedlegg:

- 1 Notat endringar i reguleringsplan for Vinje Kraftverk
- 2 ROS-analyse
- 3 Føresegner Vinje Kraftverk endra
- 4 Reguleringsplan Vinje Kraftverk

Dokument i saka:

Gjeldande plan med ID 20010009.
PLM-sak 19/2.

Bakgrunn:

Vinje kommune varsla i slutten av januar oppstart av planendring, med innspelsfrist 1. mars.

Sweco har bistått kommunen i det praktiske planarbeidet, og det er utarbeidd ROS-analyse knytt til planendringa. Rådmannen gjer merksam på at omsynssonene har falt ut av plankartet, men av omsyn til tida så vel rådmannen å sende ut plankartet utan dette på plass.

Vurdering:

Varsel om endringa blei sendt ut 14.09.18 til fylkesmannen, vegvesenet, hyttevel, og tilgrensande grunneigarar på nordaustsida av Vinjevatn, samt lyst i pressa.

Det har kome inn 5 uttaler til varslet.

Fylkesmannen

Den peikar på at det knyter seg usikkerheit til støy og eventuell kjølemetode i eit datasenter, og tilrår at planen blir sendt på ordinær høyring og dermed får ein full planprosess.

Kommentar: det er for tidleg å konkludere om kva som kan bli kjølemetode for eit eventuelt datasenter. Likeeins gjeld dette støy. Både tema må handterast seinare i ein etableringsprosess, men er like fullt svært viktig å ha ein medviten haldning til. Difor er føresegnene innretta slik at det blir stilt krav til desse tilhøva, som må stettast ved ei etablering.

Fylkeskommunen

Den har ikkje regionale innvendingar til etablering av datasenter i området, men peiker på tilsvarende planarbeid i Skien kommune for inspirasjon. Nærleiken til rekreasjonsområde gjer at kommunen blir oppmoda om å ta omsyn til områdeverknad, fjernverknad samt sikre dei kvalitetar området har for friluftsliv og rekreasjon. Så peikar fylkeskommunen på, med tilvising til areal- og transportplanen for Telemark 2015 – 2025 at det ikkje bør leggjast til rette for etablering av kontorarbeidsplassar eller publikumsretta tenester i det aktuelle området. Elles syner fylkeskommunen til dei forskrifter som regulerer vassforvaltning og kulturminneforvaltning.

Kommentar: utforming av omsynssoner og føresegner skal ivareta dei påpeikingar som fylkeskommunen kjem med i si uttale. Framtidig bruk av næringsområdet skal ikkje forringe dei kvalitetar som er i området, og bli etablert i samråd med Statkraft som grunneigar. Statkraft vil også setje krav til den framtidige aktiviteten på deira eigedom.

Liv i Vinje

Bygdemobiliseringa har ikkje merknader til omreguleringa.

Margit Verpe

Ho er nøgd med at steinbrotet og massetaket, som har vore i drift sidan 1957, endeleg er ferdig. Peikar vidare på at deler av reguleringsplanen innan friområdet ikkje er oppfylt. Så stiller Verpe spørsmål om dette er ein lagleg stad for datasenter, ettersom ein ser på internett at støy kan vere ei utfordring. Det er framleis ønskje om vegatkomst for hennar eigedom gjennom planområdet, og fast dekkje på plassen.

Kommentar: Punktet om støy er kommentert over. Senter for datalagring har ikkje same støyutfordringar som dei som produserer kryptovaluta. Sistnemnte skal ikkje vere aktuelt for Vinje kommune, ettersom det knappast har nokon arbeidsplasseffekt. Elles har det teke lang tid og få på plass toalett og skiftebu. Det står att raste /kvileplass med utsikt, samt leikeapparat og ballplassar. Rådmannen vil freiste å få til at det ikkje går nye 16 år før ein tek fatt på fleire tilretteleggjingstiltak i området.

Statens vegvesen (SVV)

Vegvesenet er opptekne av trafikktryggleik og i kva grad ny næringsverksemd i området vil generere trafikk. Dei skriv at det ikkje bør tillast kontorarbeidsplassar i området. Dette må framkomme i reguleringsføresegnene.

Kommentar: SVV peikar på det same som fylkeskommunen i høve til areal- og transportplanen, der arbeidsintensive verksemdar ikkje skal etablerast utanfor bygdesentra. Rådmannen vonar at omreguleringa kan gje grunnlag for at det kjem næringsverksemd som vil ha bruk for ulike kompetansar og gje grunnlag for ny vekst innan arbeidsplassar og busetjing i denne delen av kommunen, og deler ikkje uroa frå fylkeskommunen og SVV.

Rådmannen kan ikkje sjå at endringa går ut over hovuddrammene i planen, eller i konflikt med viktige natur- og friluftsområde. Difor ber ein om at planendringa blei vedtatt som ei mindre endring. Dersom Plan- og miljøutvalet er av ei anna oppfatning, kan planen sendast på ordinær høyring.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Detaljregulering PlanID 20010009 for Vinje kraftverk / Sandnes blir endra i medhald av PBL § 12 – 14, 2. ledd.

Rådmannen, 13.06.19

Jan Myrekrok, rådmann /s/